



Årsmelding for Valdres Historielag 2024

Årsmøtet for 2023 var i Vestre Slidre 25. mai 2024. Det var 20 personar til stades på årsmøtet i Røn gamle skule. Før møtet hadde Vestre Slidre historielag ordna med omvising på museet hjå Ingrid og Jon Hjelle og på Fystro kyrkjetomt. Etter årsmøtet var alle invitert til framvising av skodespelet med Åsgårdsreia teaterlag, «Eg er Tølleiv», om Kjørstaddrapet.

Leiar Arne Erik Fønhus leia møtet, referent var Nils Rogn. Årsmeldinga for 2023 vart lesen og godkjent. Rekneskapen som viste 34 119 kr i overskot, vart referert av kasserar Tore Hovda. Nye vedtekter for Olav Kirkevolls minnefond vart vedteke.

Styret dette året har vore leiar Arne Erik Fønhus, kasserar Tore Hovda, skrivar Ingbjörg Moe og Toril Grønbrekk, Tove Grete Kolstad, Jon Bratrud, Nils Rogn og Ole Aastad Bråten har vore styremedlemmer. Ivar Aars har delteke på styremøta i kraft av å være leiar av Valdres Bygdebok. Anne Marit Framnes vore materialforvaltar. Nils Rogn erstatta Ivar Aars i Sørilegatat.

Ny skriftstyrar/redaktør for årboka har vore Nils Rogn. Han har hatt med seg Ole Aastad Bråten, Knut Aastad Bråten og Harald Hvattum i ein redaksjonskomite. Nils har dessutan hatt ansvar for heimeside og Facebookside. Årboka dette året fekk ny bladbunad, og Ivar Aars vart takka av etter 49 år som skriftstyrar med fleire artiklar i boka som vart trykt i eit opplag på 750 eksemplar.

Det har vore fem styremøte i arbeidsåret og eit samrådsmøte med alle lokallaga. Her var også Terje Mikael Hasle Joranger til stade og orienterte om utvandringa til Amerika og 200-års jubileet for dette i 2025. Arbeidet med nye vedtekter og årboka har vore hovudoppgåvene dette året. Forslag til nye vedtekter vart sendt ut til alle historielaga i Valdres på høyring. Høyringskommentarane er teke inn i endeleg forslag som blir lagt fram for årsmøte i mai 2025.

Saker elles har vore Utvandrarjubileet i 2025. Her vil me samarbeide med Museet om eit arrangement. Eitt Valdresleksikon på 1500-2000 sider som Ivar Aars arbeider med, som ville omfatte minst 3 bind, kunne ikkje laget ta det økonomiske ansvaret for. Derimot kunne laget vera med på å støtte ei digitalisering av materialet, dvs. ei nettbasert løysing som blir tilgjengeleg for alle og som også lett kan oppdaterast.

Historielaget har eit stort lager av bøker og tidsskrift. I alt ca. 12 000 årbøker og bygdebøker. Bygdebøkene er eigd av Valdres Bygdeboknemnd. Det er gjennomført ei registrering og katalogisering av lagerbeholdninga. Styret har løpande diskutert korleis me kan få selt bøker.

Følgjande har fått midlar frå Kirkevollarven i 2024:

• Åsgårdreia teaterlag med forestillinga «Eg er Tølleiv»	kr 23 000
• Boka Svalle med Kongen av Anne Mette Strand	kr 20 000
• Sør-Aurdal Historielag si bok om skogshytter	<u>kr.10 000.</u>
Totalt	<u>kr 53 000</u>